

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-011	21/26

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
005/2021	Valstyret	PS	09.03.2021
014/2021	Kommunestyret	PS	25.03.2021

Stortingsvalet 2021 - Valkrinsar - Elektronisk avstemming

Forslag til vedtak:

Modalen kommune skal ha to valkretsar ved stortingsvalet 2021, Mo og Øvre Helland.

Det skal nyttast elektronisk avkryssing på valdagen.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Før Stortingsvalet 2021 skal kommunestyret avgjera kor mange valkretsar ein skal ha i kommunen, jfr. Vallova § 9-3. Folkeregistermyndet skal vera orientert om endringar i røystekrinsinndeling innan 31. mars i valåret. Modalen kommune har hatt 2 valkretsar.

Nokre praktiske rutinar i høve avvikling av val har blitt endra dei siste åra, bl.a. tydlegare krav til universell utforming av vallokale og elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen

Vurdering

Det er om lag 300 røysteføre innbyggjarar i Modalen kommune.

Utifrå tal røysteføre er behovet for 2 valkretsar soleis ikkje naudsynleg, men avstand og dårleg intern offentleg kommunikasjon veg imot. For å effektivisera arbeidet med avvikling av val, kan reduksjon av tal kretsar vera positivt. Det vil bli ferre personar involvert i røystestyra og ferre vallokale å administrera. Kommunen har i dag sentral samla teljing. Modalen kommune er opptatt av å ha høg valdeltaking, og ved samanslåing av kretsar kan ein risikera at detakinga går ned.

Modalen kommune har innført elektronisk avkryssing på valdagen. Dette letta arbeidet monaleg for

røystestyra og administrasjonen på valdagen, og redusera feilkjelder ved kryssing i manntalet. Modalen kommune har hatt elektronisk avkryssing i manntalet under førehandsrøysting, og har gode røynsler med dette.

Ved elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen er det ein føresetnad med stabil nett tilgang i vallokalet, og ein må ha nokre pc`ar disponible for valfunksjonærane.

Det vil framleis vera høve å førehandsrøysta før valet.

Konklusjon

Rådmannen rår til at ein vidarefører å ha to røystekrinsar, og at ein legg til rette for opplæring og bruk av ordninga med elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen.

Valstyret - 005/2021

VS - behandling:

Samrøystes vedteke

VS - vedtak:

Modalen kommune skal ha to valkretsar ved stortingsvalet 2021, Mo og Øvre Helland.

Det skal nyttast elektronisk avkryssing på valdagen.

Kommunestyret - 014/2021

KS - behandling:

Samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Modalen kommune skal ha to valkretsar ved stortingsvalet 2021, Mo og Øvre Helland.

Det skal nyttast elektronisk avkryssing på valdagen.

